

Funnerfellen




arden Øvre Funner ligg i Hjartdal, ei lita bygd i hjarte av Telemark. Her driv vi med sau, mest spelsau men og villsau.

Saueskinna med sitt flotte fargespel (sauer er ikkje bare svarte og kvite!) og mjuke kvalitet, inspirerte oss til å satse på det gamle skinnfellmakaryket. Sauen har varma oss i uminnelege tider, så kvifor ikkje la han ta opp konkurransen med vår tids syntestiske fiber! I tillegg til at skinnfellen varmar og pustar slik at det aldri blir klamt, er han dekorativ.

Det som gjer den norske skinnfellen spesiell, er ikkje bare dei vakre skinna og saumteknikken, men dekoren på hudflata. Skinnfellane har bilete og symbol som blir til praktfulle mønster, alle forskjellige. Symbola trykker vi med trestempel som er kopiert frå gamle saueskinnsfellar.



Om du synest dette er interessant, kontakt oss gjerne for meir informasjon. Det beste er sjølv sagt å ta ein tur innom eldhuset på Øvre Funner og sjå produkta våre. Vi tek opp bestilling.



Funnerfellen

- ◆ 3690 Hjartdal
- ◆ tlf: 350 24 753
- ◆ mobil: 47 04 09 50/
98 61 37 95
- ◆ e-mail: bmfunner@frisurf.no
- ◆ nettstad: www.hjartdalsbygda.no

Funnerfellen

~ eit saueskinnsprodukt



*Hjartdal
i Telemark*





Frå sauesankinga i Hjartdalsfjella med Vindeggen i bakgrunnen.



Stempla er skore ut i tre. Er det først trykt er det ingen veg tilbake. Dette er gamle stempel frå Tuddal.



Tolv-skinnsfell av villsau til dobbeltseng.



Eit slumreteppe i sofaen ein kald vinterkveld! Denne er laga av fire langhåra spelsauskinn. Kanten er "ubehandla." Trykka er frå Tuddal og Hjartdal.



Ein babyteppepose av pelssau som veks med ungen. Du kan brette posen ut som eit teppe til babyen og sidan legge han i godstolen.



Sitteunderlag m. trykk.

Skinna blir skorne til og sydd for hand. Skinnfellane er tvers gjennom handarbeid, gjort etter gamal tradisjon.

Ein saueskinnsfell i senga på hytta, vil alltid vere varm å legge seg i uansett romtemperatur!

